



Til  
Medlemmar og grupper i Sogndal idrettslag

## Sakliste og sakspapirer for årsmøtet 19.3.2018

Vi viser til innkalling til årsmøte publisert på nettsida til Sogndal Idrettslag og på Facebook 16.2.2018.

Kl.18:00 – 20:00 på Fosshaugane Campus i Flo stova.

### Sakliste:

1. Godkjenning stemmeberettiga
2. Godkjenning innkalling, sakliste og forretningsorden
3. Val dirigent, sekretær, samt to (2) representantar til å skrive under protokollen
4. Årsmelding/ gruppeårsmeldingar
5. Rekneskap for SiL
6. Innkome framlegg og saker
7. Fastsetjing av medlemskontingent
8. Budsjett
9. Val
  - a) Leiar og nestleiar
  - b) Styremedlemar og varamedlemar
  - c) Revisor
  - d) Representanter til ting og organisasjonar idrettslaget er tilslutta
  - e) Valnemnd med leiar og to (2) medlemmar

10. Utdeling av SiL-prisen og æresmedlemskap

Med helsing

Styret i Sogndal Idrettslag



## **Sak til årsmøte i Sogndal idrettslag 19. mars 2017.**

### **Framlegg om nedlegging av grupper i idrettslaget**

Styret i Sogndal idrettslag gjer framlegg om å leggje ned skeisegruppa og volleyballgruppa i Sogndal idrettslag.

### **Grunngjeving:**

Det har ikkje vore aktivitet i gruppene dei siste fem åra, og det har ikkje lukkast idrettslaget skape ny aktivitet.

### **Framlegg til vedtak:**

Sogndal idrettslag legg ned skeisegruppa og volleyballgruppa.

Alle aktiva som gruppene måtte ha vert overført til hovudlaget Sogndal idrettslag.



## **Sak til årsmøte i Sogndal idrettslag 19.mars 2017**

### **Styret i Sogndal idrettslag har følgjande framlegg:**

Med bakgrunn i Vidar Vadset sitt framlegg, med grunngjeving, til årsmøte i Sogndal Fotball, påfølgande omtale i medier og på sosiale medium, fremjar styret i Sogndal Idrettslag følgande:

*«Sogndal Idrettslag (SIL) og Sogndal Idrettslag Fotball (SF) set i løpet av mars 2018 ned ei arbeidsgruppe med formål å regulere og utvikle samarbeidet i idrettsalliansen.*

*Arbeidsgruppa skal bestå av 2 (to) personar frå SIL og 2 (to) personar frå SF, og skal rapportere status i september og til årsmøtet i mars 2019. SIL kallar inn til fyrste møte.»*

Framlegget er oversent styret i Sogndal Idrettslag Fotball for handsaming der.

### **Framlegg til vedtak:**

Styret i Sogndal idrettslag oppnemner to personar til arbeidsgruppa, samt tek kontakt med styreleiar i Sogndal Idrettslag Fotball, Tor Arne Ness for vidare oppfølging.



## **Val av revisor for SIL**

### **Framlegg til vedtak:**

Deloitte AS, Sogndal

## **Val av representantar til ting og organisasjonar SIL er tilslutta**

### **Framlegg til vedtak:**

Styret oppnemner representantar til ting og organisasjonar SIL er tilslutta

## **Val av valnemnd for SIL**

### **Valnemnd for 2017/2018 har vore:**

Harald Hjermann - leiar

Hildegunn Loftesnes

Vidar Vadset

### **Framlegg til vedtak:**

### **Valnemnd 2018/2019:**

Harlad Hjermann - attval

Vidar Vadset – attval

Ellen England – ny

